



Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal-/samfunnsplanavdeling
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2621 - 14/9978

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
23.06.2014

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i strandsone for oppføring av uthus og overbygd grillplass på gbnr 51/139. Høyring.

OVERSENDING AV SØKNAD TIL UTTALE

Det vert vist til søknad motteke 02.06.2014 frå Nils Sveinung Tellevik om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF - og frå forbod mot tiltak i strandsone, jf plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19-2, for oppføring av uthus og overbygd grillplass på fritidseigedom på gbnr 51/139.

Planstatus

Fritidseigedomen ligg innanfor 100 metersbeltet mot sjø og i område avsett til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Søknad om dispensasjon.

Det vert i skriv d. 24.05.2014 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i strandsona for oppføring av uthus på 15 m² og overbygd grillplass, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Nabovarsling:

Naboane er varsla og det har ikkje kome merknadar.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring.

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Tiltaket endrer ikkje på arealbruken i kommuneplanen.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon

kart

kart

51-139 1_1000

51-139 1_3000